

Eg kastar på blink med ei rose

Martin og bestefar var bestevenner. Men no er bestefar død. Martin er i gravferda.

Vi skulle sitje framme i kyrkja. Heilt framme var det ei kvit kiste. Inne i henne låg kroppen til bestefar. Eg lurte på om han hadde på dei nye tennene.

Eg hadde fått nye penklede. Dei klødde. Eg måtte sitje og kjede meg. Presten kom. Han helsa på alle. Han klappa meg på hovudet og sa «barnet mitt». Det var skikkeleg dustete gjort. Så gjekk han opp på scena og snakka om bestefar. Så song vi litt. Så snakka presten lenge om Gud. Så hørde vi på nokre andre som song.

Mamma gav meg ei rose og kviskra at eg skulle kaste henne på kista.

Det var litt ekkelt. Eg har aldri vore flink til å kaste på blink. Heldigvis trefte eg.

Så var det slutt. Det var ganske mange som vart med heim til oss etterpå. Eg gjekk på rommet mitt fordi alle var så rare. Hadde bestefar vore der, ville han ha ledd av alle saman. Eg lurte på kvar bestefar var no.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 127.

Gjer oppgåve 1a.

